

AUNASET

Høgdemeter over havet: 700 m

Lengde: 6 km

Stigning: 644

Tid: 2-3 timar ein veg frå Spildo/ frå Dike 20-30 min

Gradering: Lett

Vegskildring: Turen startar på Spildo i Øvre Granvin. Ta av frå RV 13 i Øvre Granvin mot Skjervet og køyr ca. 1. km og ta av til Spildo. Køyr til høgre mot sandtaket. Dersom du vil gå heile Bakkavegen, kan du parkera bilen i sandtaket. Traktorvegen Spildo - Dike er om lag fem km lang. Det er bratt dei to første kilometrane deretter flatar det ut, og avsluttar med stigning siste kilometeren opp til Dike. Traktorvegen kan køyrast med 4 hjuls-dreven bil.

Dei første stølane du kjem fram til på vegen oppover er Spildatveite og Nyatreè, deretter kjem du til stølane på Skeisete - der stigninga opp mot Dike tek til. Dersom du køyrer bil vil ein tilrå at du finn parkering her då vegen Skeisete - Dike er svært steinete. Frå Dike er der gangveg til Aunaset. Frå parkeringsplassen på Dike tek du til venstre oppover langs elva - der det er opparbeidd ein enkel veg som går til stølen Storli. Du føl stien langs elva til du kjem til ei bru som du skal over (ca. 500m). På andre sida fortset vegen oppover til du kjem fram til stølen Aunaset. Turen er godt skilta og merka.

GOD TUR!